

18.05.2011

Flink pedagog og disiplinerte born



-Det er mange som skal ha ros for innsatsen etter den vellukka feiringa av 17.mai, men eg vil gje min ros ein spesiell adresse, seier ein pedagog til uskedalen.no. Og den pedagogen ynskjer å rosa er ein annan pedagog - Svanhild Haugland. Dette er grunnen til at ein pedagog rosar ein annan:

- Pedagog Svanhild avslutta det sjammerande innslaget sitt med dei yngste med å gje dei sin søtsak og ta eit løfte av dei om at dei skulle vera rolege og merka seg kva talar Kristian Bringedal sa.

Og det verka! Det var så stille under talen at ein nesten kunne høre ei knappenål falla på golvet.
Ein skal ikkje sjå bort ifrå at talaren sjølv, som også er pedagog, hadde sin del av æra. Men Svanhild fortunar mest ros, seier pedagogen som legg til at opplevinga også viste at det er disiplinerte born i bygda.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen